

JERNVINNA I VOSSEBYGDENE

Kunsten å vinna ut jern av myrmalm er gammal. I Vossebygdene finst det mange stader i fjellet slagglumpar etter smeltinga, og stadnamn som Jenngruheaugen og Blæstermyrane fortel om den gamle jernvinna. Det som er funne til denne tid, tyder likevel ikkje på slik stordrift som i Trøndelag og på Hardangervidda (④409).

Prover av kolrestar frå ein slaggdunge på stølen Brileset på Voss er daterte til tida kring Kristi fødsel, så denne verksemda har høyrte heime i den tidlegaste bolken av jernvinne i landet vårt.

I 1768 skreiv presten EVEN MELDAL ein artikkel til Bergens Adressecontours Efterretninger om myrsmeltinga på Voss. Der fortel han om OLAV BOTOLVSSON SUNDVE som hadde teke opp att den gamle jernvinna. På Meldal si tid var det særleg i Myrkdalen dei dreiv med jernblåster. Der var det rikeleg med myrmalm tett ved gardane, slik at drifta lønte seg, og «nesten enhver Gaardbruger havde derfor sine Smeltegruber,» skriv Meldal.



Slagglump frå jernsmelting.

SMEDANE PÅ STAUP

Garden STAUP ligg på ei hylle i lendet ovanfor Løno. Frå E 16 kan ein skimta busa mellom tregreinene. Garden er veglaus, og det gamle tunet og kulturlandskapet kring er mykje godt uskipla. I 1980-åra vart det sett i gang vedlikebaldsarbeid med tanke på vern av busa i tunet.



Tunet på Staup. Bilete frå kring 1990.

Smekunsten stod høgt på Voss i eldre tid. På Staup budde fleire som merkte seg ut som sær dugande smedar. PER LARSSON, f. 1760, var ein meister til å laga låsar og beslag til kister. Vossekistene var ofte umåla, smijernsbeslaga vart såleis viktigaste prydnaden på kista. ANDERS EIRIKSSON (1822–1891) smidde mykje dørlås til innstemming i dørladet, men også andre dørlås og kistelås. Broren,

ARNFINN EIRIKSSON (1824–1897) var òg ein uvanleg flink låsesmed. Han gjorde sjølve smiarbeidet så nøye at det vart lite arbeid med å fila låsdelane. Av ein gudbrandsdøl dei kalla «Maskin-Hans» lærte dei to brørne å laga treskjemaskiner som



vart drivne av vasshjul, og dei bygde seinare mange slike kring i bygda. På Blikberget, nabobruket til Staup, budde ODD KNUTSSON (1835–1907); også ein kjend låsesmed. □

MULA – EIN ØYDEGARD FRÅ MELLOMALDEREN

Fremst på Storåsen, åsryggen mellom Strandavassdraget og Raundalselvi, låg MULA i mellomalderen, med langhus i tunet. Det var to gardsbruk på Mula, øvre og nedre, men båe vart forlatne på 1300-talet, kan henda etter svartedauden. Langhustuffer og gravhaugar med røysar er vitnemål om livet her. 300–400 m lenger inne på åsryggen ligg Steinringane, nokre ringar med 8–12 m diameter

med stein i omkrinsen. Det vert i dag sagt Mulane; namnet er eit usamansett naturnamn som viser til den framskotne staden på åsen; ei samanlikning med mulen på hest eller storfe. Slik garden ligg til, kan han vera mellom dei eldre i vossebygdene, og vi er her på sporet av langhustradisjonen i mellomalderen, som på Oppheim (④355).